

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 17.04.2023
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden og Øystein Helleseth
SAKA GJELD: **Økonomisk langtidsplan 2024-2028**

ARKIVSAK: 2023/199

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
12.05.2023

STYRESAK:
029/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2024-2028 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

Innhald

1	Oppsummering	3
2	Innleiing	4
3	Føresetnader for langtidsbudsjettet	5
3.1	Økonomiske føresetnader	5
3.2	Rammevilkår	6
3.2.1	Utvikling i behovet for tenester	6
3.2.2	Nasjonale og regionale føringar	7
3.2.3	Helse 2035	7
3.3	Korleis Helse Førde vil møte behova og følgje opp føringane	8
3.3.1	Styringsdokument 2023	9
3.3.2	Personell og kompetanse	11
3.3.3	Bygg	12
3.3.4	Medisinsk-teknisk utstyr og ambulansar	13
3.3.5	Teknologi og anna viktig infrastruktur	13
4	Økonomisk langtidsplan 2024-2028	15
4.1	Styringsfart	15
4.2	Utvikling inntekter	16
4.3	Utvikling kostnader	16
4.4	Risikomoment som ikkje er inkluderte i økonomisk langtidsplan	16
5	Investering og finansiering	19
5.1	Investeringsplan 2024-2028	19
5.2	Kontantstraum til å dekke investeringar	21
5.3	Gjeldsgrad og finanskostnader	22
6	Vedlegg	22

1 Oppsummering

Det er ein stram økonomisk langtidsplan (ØLP) som vert lagt fram, der særleg likviditetsutviklinga og da investeringsevna til Helse Førde er krevjande. På grunn av endra økonomiske rammevilkår reviderte Helse Førde sin ØLP for perioden 2023-2027 hausten 2022. Investeringsnivået vart då justert ned som følgje av redusert resultat, og ein utsette mellom anna prosjekta Svana 2 og 3 i Nye Førde sjukehus.

Administrerande direktør registrerer at regjeringa har sagt at rammene til sjukehusa vil auke med 6,2 milliardar kroner når revidert statsbudsjettet vert lagt fram 11. mai. Veksten består av vidareføring av ekstraløyvingar i 2022 på 2,5 milliardar, og auke på 2,2 milliardar i budsjettet for 2023. Begge delar er justeringar for ekstraordinær løns- og prisauke. Resten av auken på 1,5 milliardar er knytt til auka låneramme i samband med byggeprosjekt.

Fordeling og detaljer i kva løyvingane dekker er ikkje kjent, men dette vil kunne medføre ei auka ramme på opp mot 100 millionar for Helse Førde. Dette vil heilt klart betre den økonomiske situasjonen. Administrerande direktør vil likevel understreka at dette ikkje er friske midlar, og styringsfarten er framleis for høg. Arbeidet med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra vil difor framleis vere viktig og nødvendig.

Resultatkravet i perioden er sett for å ha tilstrekkeleg investeringsevne og kunne handtere gjeldsforpliktingar. Auka ramme gjer at administrerande direktør også aukar resultatkravet i 2023 til 20 millionar. Samstundes er det lagt inn innsparingskrav framover som er på same nivå som tidlegare år. Årleg innsparing er på om lag 10 millionar kroner kvart år med unntak av 2025, som er noko høgare. Årsaka er at Livabygget då er tatt i bruk, og det er stilt krav om driftsgevinst knytt til dette prosjektet.

Med desse føresetnadene vil det økonomiske handlingsrommet vere svært stramt dei første åra, men betre seg utover i budsjettperioden. Administrerande direktør understrekar at det er fleire usikkerheitsfaktorar i planen, mellom dei økonomiske rammer framover frå Helse Vest, tilpassing av styringsfarten og realisering av forventta årlege innsparingskrav.

2 Innleiing

Helse Førde utarbeidde våren 2022 økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027, med plan om å rullere denne våren 2023. Med bakgrunn i svært stramme økonomiske rammer og høgt investeringsnivå i alle føretaka, bad Helse Vest alle føretaka i regionen om å utarbeide revidert økonomisk langtidsplan i framkant av budsjettprosessen for 2023. Denne vart presentert og vedtatt av styret i Helse Førde i sak 057/2022 oktober 2022.

I utarbeiding av ny økonomisk langtidsplan for perioden 2024-2028 er det føringar og vedtak knytt til revidert økonomisk langtidsplan som er lagt til grunn. Dette i tråd med føringar frå Helse Vest.

Økonomisk langtidsplan er utarbeidd og vert presentert etter felles mal frå Helse Vest. Det er fokus på å involvere og orientere dei i organisasjonen som har resultatansvar, tillitsvalde og vernetenesta. Det er gjennomført informasjonsmøte på klinikknivå og drøftingsmøte på føretaksnivå. Protokoll frå drøftingane ligg vedlagt.

Helse Førde si viktigaste føring for økonomisk langtidsplan er å finne balansen mellom drift, investering og handtering av gjeld som gjer at vi tilbyr så gode helsetenester som råd på lang sikt. Nye Førde sjukehus utgjer hovuddelen av investeringane og har medført at gjeldsgraden har auka vesentleg. I revidert økonomisk langtidsplan vart prosjektet nedskalert, og Svana 2 og 3 er utsett på ubestemt tid. Det er ikkje funne rom for å endre dette i arbeidet med ny økonomisk langtidsplan for 2024-2028.

Investeringsplanen som ligg til grunn for Nye Førde sjukehus og andre nødvendige investeringar framover, medfører at det må gjerast årlege innsparingar i drifta. Innsparingane vert fordelte mellom klinikkane etter fastsette rammer som kvar klinikk skal levere sin langtidsplan innanfor. Koordinering av rammer og krav vert gjort av administrerande direktør i gjennomgang med klinikkdirektørane.

3 Føresetnader for langtidsbudsjettet

3.1 Økonomiske føresetnader

Alle tal i langtidsplanen er i 2023-kronerverdi og utan justering for pris- og lønsvekst i perioden. Alle endringar i tal baserer seg på reelle endringar og ikkje prisendringar.

Rentebana er justert opp sidan førre langtidsbudsjett, og følgjande renteprognose er lagt til grunn frå Helse Vest:

	2024	2025	2026	2027	2028
Renteprognose	3,5 %	3,5 %	3,3 %	3,3 %	3,2 %

Denne prognosen ligg til grunn for driftskreditt og investeringslån med flytande rente. Det er lagt inn forventningar om konvertering av byggelån knytt til Nye Førde sjukehus til langsiktig gjeld sommaren 2024. Kapitaltilskot frå Helse Vest på 234 millionar kroner er medrekna i modellen som ligg til grunn, og har i heilskap gått til nedbetaling av eksisterande gjeld i 2023.

Resultatkravet som er lagt til grunn for økonomisk langtidsplan, skal sikre at Helse Førde får gjennomført gjeldande investeringsplanar knytt til Nye Førde sjukehus, samt oppretthalde nødvendige investeringar knytt til anna bygg, medisinsk-teknisk utstyr og ambulansar.

Resultatkravet varierer frå år til år, då føretaket ønskjer å fordele innsparingskravet utover fleire år, slik at det vert oppnåeleg for organisasjonen, samstundes som drifta må generere tilstrekkeleg likviditet til å betene gjeld og andre forpliktingar.

	2024	2025	2026	2027	2028
Resultatkrav	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000


I den utvida økonomiske langtidsplanperioden er resultatkravet fastsett til følgjande:

	2029	2030	2031	2032	2033
Resultatkrav	-10 000	0	0	0	0

3.2 Rammevilkår

Utgangspunktet for langtidsbudsjettet til Helse Førde er noverande opptaksområde og funksjonar. Dette avgrensar seg geografisk til innbyggjarane i gamle Sogn og Fjordane, med unntak av Gulen og tidlegare Hornindal kommune. Det er ei befolkning på om lag 106 000 personar.

Helse Førde må i arbeidet med å tilby best mogleg helsetenester ta høgde for politiske føringar, krav frå Helse Vest og lovkrav. Ein kan skissere at handlingsrommet til spesialisthelsetenesta er samspelet mellom pasientrettar, arbeidsmiljølova og rettane til eigne tilsette og økonomiske rammevilkår på lang sikt.



3.2.1 Utvikling i behovet for tenester

Helse Førde skal gje trygge og nære helsetenester til befolkninga for dei vanlegaste lidingane. Samansetjing av sjukdom i folkesetnaden, og kva sjukdommar som dominerer sjukdomsbiletet, er i endring. Det vil bli fleire eldre med kompliserte lidingar som treng tverrfagleg behandling.

Sjukdommar som er venta å auke i åra framover, er muskel og skjelettlidingar, kreftsjukdommar, livsstilssjukdommar, infeksjonsrelaterte problem, psykiske lidingar og kroniske sjukdommar.

Forventingane til helsetenestene aukar i takt med velstandsutviklinga i samfunnet og kva som kan behandlast. Det skjer ei stadig utvikling som gjev eit gap mellom kva som er forventet, kva som kan behandlast medisinsk og kva ressursar som er til rådvelde for helsetenestene. Dette perspektivet må helseføretaket møte med auka fokus på rett medisinsk prioritering og rett ressursbruk.

Basert på Statistisk sentralbyrås framskriving av folketalet er det i planperioden venta ein liten nedgang i Helse Førde sitt opptaksområde. Samstundes er vurderinga frå Helse Vest ein svak årleg aktivitetsvekst. I sum gjev dette ei årleg endring i aktiviteten knytt til ISF-inntekt på 0,0 prosentpoeng for Helse Førde.

3.2.2 Nasjonale og regionale føringar

Følgjande dokument er lagt til grunn for langtidsbudsjettet:

- Statsbudsjettet for 2023
- Nasjonal helse- og sjukehusplan
- Helse 2035, strategi for Helse Vest
- Ny regional utviklingsplan for 2023-2035
- Helse Førde utviklingsplan 2021-2035
- Styringsdokumenta for Helse Vest og Helse Førde

Intensjonane i samhandlingsreforma vil framleis gje viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta.

Utviklingsplanen til Helse Førde tek opp i seg nasjonale og regionale føringar og gjev overordna retning fram mot 2035. Det er samla definert ti ulike innsatsområde. Utviklingsplanen legg særleg vekt på dei viktigaste endringane framover, skildrar kva mål Helse Førde har sett seg og korleis vi vil møte dei framtidige utfordringane.

Nasjonal helse og sjukehusplan har gjeve tydelege føringar om å prioritere fire særleg utsette pasientgrupper. Dette er skrøpelege eldre, personar med kroniske lidingar, barn og unge og pasientar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem. I tillegg er akuttmedisin eit satsingsområde. Føretaka skal samarbeide med kommunane i helsefelleskap for å oppfylle desse forventningane. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

I Helse Vest er det også sett i gang eit arbeid med fem store risikoområde som Helse Førde følgjer opp. Dette er uønskt variasjon innan ortopedi og radiologi, IKT-tryggleik, ekstern turnover, vald og trugsmål mot tilsette og legemiddelområdet. I tillegg har administrerande direktør valt å inkludere rekruttering, økonomistyring og intern samhandling som risikoområde.

3.2.3 Helse 2035

Helse 2035 byggjer på fire hovudtema:

- Pasienten si helseteneste
Helse Førde har etablert eit eige program for å realisere overordna intensjonar om å gje pasientane betre tenester, meir medverknad og betre pasientopplevd kvalitet. Programmet omfattar teneste- og organisasjonsutvikling. Nye Førde sjukehus er eitt verkemiddel for å gje betre tenester i framtida, og pasientens helseteneste gjev innspel til utbygginga. Det er høg merksemd på brukarmedverknad både på systemnivå (brukarutval og ungdomsråd) og ved å ha erfaringskonsulentar i det daglege. Samla skal utviklingsarbeidet sikre framtidsretta og gode tenester for pasientane i vårt

opptaksområde. Dette arbeidet held fram for å sikre at tenester og framtidige utbyggingar heng saman.

- Eitt helsevesen

Helse Førde arbeider tett mot kommunane i opptaksområdet for å sikre at pasientane vert behandla på rett nivå. Det varierer framleis noko mellom kommunane kva som vert behandla kommunalt, og kva som vert behandla i spesialhelsetenesta. Arbeidet går i rett retning og kommunane har i stor grad klart å byggje ut eigne tenester. I tida framover vil det verte meir forpliktande og felles planlegging i helsefelleskap med kommunane.

- Utvikling av helsetenestene

Helse Førde arbeider med å redusere tal liggedøgn og auke dagbehandlinga. I tillegg arbeider føretaket med å auke tal konsultasjonar på video og anna digital oppfølging. Bruk av video kan auke mellom sjukehusa, samt mellom sjukehus og heimen til pasienten. Dette vil gje meir effektiv ressursbruk, og pasienten slepp ekstrabelastning med å reise til sjukehuset. Eit anna satsingsområde framover vil vere meir ambulante/heimebaserte spesialisthelsetenester.

Helse Førde har aktiv satsing på forskning og innovasjon som også skal bidra til betre tenester.

- Medarbeidarar, leiing og organisasjon

Helse Førde arbeider aktivt med å sikre rett tilgang på rett kompetanse i åra framover. Det er nyleg utarbeidd ein strategi knytt til rekruttering, utvikling og å halde på medarbeidarar. Det vert viktig å få rett samansett kompetanse når det vert knapt om fagpersonar, samt at behova vil endre seg i tida framover.

Det er ei utfordring å klare dette innanfor rammene. Administrerande direktør føreset i langtidsbudsjettet at Helse Førde vil klare å sikre rett kompetanse til den aktiviteten vi ventar framover.

3.3 Korleis Helse Førde vil møte behova og følgje opp føringane

Helse Førde vil arbeide aktivt for heilskapleg behandling til beste for pasienten, innanfor våre rammer. Behandling skal skje med så effektiv ressursbruk som råd. Vi vil arbeide for saumlaus behandling der primærhelsetenesta vert brukt aktivt. Det skal òg vere saumlaus behandling mellom sjukehus og einingar i føretaket, og mot universitetssjukehus der dette trengst. Helse Førde skal desentralisere dei tenester vi kan, og sentralisere dei vi må. Det gjeld både mot andre og internt mellom einingar i føretaket.

3.3.1 Styringsdokument 2023

Styringsdokumentet for 2023 definerer tre hovudmål for Helse Førde:

Hovudmål 1: Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Prioriteringar og realendringar for å oppnå målsetjingane vert gjort gjennom den årlege budsjettprosessen.

Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Helse Førde skal bidra til at menneske med psykiske lidningar og rusmiddelproblem får gode og likeverdige tenester uavhengig av geografi. Det skal leggast fram ein ny opptappingsplan for psykisk helse i 2023. Ordninga med å tilby vurderingssamtale til alle som blir tilviste til psykisk helsevern barn og unge, skal vidareførast i 2023.

Indikatorar for å følgje opp målsetjinga er at talet på pasientar (per 100 000 innbyggjarar) med vedtak om tvangsmiddel i psykisk helsevern for vaksne skal reduserast. Vidare er det mål om at aktiviteten i psykisk helsevern skal vere høgare i 2023 samanlikna med 2022, både innan døgnbehandling og poliklinisk aktivitet.

Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Det nasjonale arbeidet med pasienttryggleik og kvalitet er sentralt for å sikre openheit og tillit til norsk helsevesen. Helse Førde skal vidareføre arbeidet med å redusere og førebyggje omfanget av pasientskader ved sjukehusa, og følgjer til kvar tid opp alle tenester i føretaket for å sikre god kvalitet i alle ledd.

Trygge tilsette og openheit om uønskte hendingar er sentralt for å lære av og førebyggje pasientskadar. Medarbeidarane er den viktigaste ressursen til helsetenestene. Systematisk arbeid med å behalde, utdanne og rekruttere helsepersonellet som arbeider i tenesta, særleg innanfor psykisk helse, er viktig.

Mål knytt til styrking av forskning er at talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderer pasientar i 2023, skal aukast med minst 15 prosent samanlikna med 2022. Helse Førde set årleg av budsjett til forskning som tilsette kan søkje midlar frå. Trass krevjande økonomiske tider er det lagt til grunn å halde fram med dette tiltaket for å støtte opp om lokal forskning.

Talet på utdanningsstillingar for sjukepleiarar innan anestesi-, barn-, intensiv- operasjons- og kreftsjukepleie, samt jordmødrer skal aukast samanlikna med 2022. Talet på lærlingar i

helsefagarbeidarfaget skal aukast samanlikna med 2022, og talet på LIS i psykiatri skal aukast samanlikna med 2022.

Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om akuttmedisinske tenester som omfattar responstider og ein fagleg standard for innhaldet i ambulansetenesta. Nye arbeids- og samarbeidsformer, som digital heimeoppfølging, skal takast i bruk for å gje eit meir tilpassa tenestetilbod.

Helse Førde arbeider aktivt for å sikre likeverdige og saumlause tenester innanfor føretaket. Føretaket har aktivitet på fleire geografiske plassar, og det er difor viktig å arbeide kontinuerleg med felles kultur og samhald. Vi skal ha «ei dør inn» sjølv om pasientane fysisk møter på ulike stader. Virtuelle løysingar (videomøte, digital samhandling) som kan støtte opp om fagleg samarbeid, blir stadig viktigare.

Vidare er det lagt inn mål om:

- Gjennomsnittleg ventetid skal ikkje auke samanlikna med 2022 for somatikk, psykisk helsevern for barn og unge, psykisk helsevern for vaksne og TSB.
- Prosentdelen av polikliniske konsultasjonar som vert gjennomført over video og telefon skal vere over 15 prosent.
- Prosentdelen av pakkeforløp gjennomført innanfor standard forløpstid for kvar av dei 24 kreftformene, skal vere minst 70 prosent.
- Minst 70 prosent av epikrisene skal vere sende innan ein dag etter utskrivning innan somatikk, psykisk helsevern for vaksne og TSB.

Anna viktig samarbeid framover

Helse Førde har lagt ned mykje arbeid i å få til god samhandling med kommunane. Vi ønskjer å styrke dette samarbeidet i tida framover. Etablering av helsefellesskap har lagt til rette for endå tettare og meir forpliktande samarbeid med kommunane, mellom anna om prioriterte pasient-/brukargrupper og ved vidareutvikling av samarbeid om den akuttmedisinske kjeda.

Det er viktig for Helse Førde å ha god oppgåvefordeling også mot Haukeland Universitetssjukehus i Bergen (HUS), andre helseinstitusjonar og private avtalespesialistar. Dette skal sikre innbyggjarane i vårt opptaksområde rett behandling til ei kvar tid.

Helse Førde vil aktivt samarbeide med universitets- og høgskulesektoren (UH) om utdanning av helsepersonell. Når det gjeld legar og anna spesialisering er det viktig med godt samarbeid med Universitetet i Bergen og Helse Bergen. Det er her forventningar til at Vestlandslegen vil gjere oss betre rusta til å rekruttere legespesialistar i framtida. For å sikre tilgang på anna helsepersonell er

godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet også eit viktig og avgjerande bidrag. Samarbeid med fylkeskommunen om lærlingar og elevar frå vidaregåande skular er også sentralt. Samarbeidet med UH-sektoren er vidare sentralt for forskning og innovasjonsaktiviteten i føretaket. Næringslivet vert i tillegg stadig viktigare i samarbeidet om innovasjon.

3.3.2 Personell og kompetanse

Den medisinskfaglege og teknologiske utviklinga i spesialisthelsetenesta endrar krav til kompetanse og kompetansesamansetjing i føretaket. For at Helse Førde skal tilby rett og god behandling, er det heilt sentralt at helsepersonell i framtida har kunnskap, ferdigheiter og haldningar som bidreg til effektive helsetenester. For å møte utfordringane er det nødvendig å tenke nytt både om utdanning, rekruttering, oppgåvedeling, kompetanseutvikling, tverrfagleg samarbeid og måten ressursane vert nytta på.

Helse Førde vil i 2023 utarbeide ein kompetansestrategi som skal tydeleggjere kva kompetansebehov føretaket vil ha i åra framover og korleis dette skal dekkast. Strategien vil fungere som ein overordna strategi i føretaket og knyte saman strategiane knytt til utdanning, rekruttering, FoU, leiarutvikling og utviklingsplanen.



Rekruttering, og det å sikre nok fagfolk med riktig kompetanse til helse- og omsorgstenesta, er ei nasjonal utfordring. Helsepersonellkommisjonen la våren 2023 fram sitt arbeid der dei har forsøkt å finne tiltak for å utdanne, rekruttere og behalde personell i helse- og omsorgstenestene i heile landet på kort og lang sikt, gitt utviklingstrekk som vil påverke tilbudet av og etterspørselen etter helse- og omsorgstenester i åra framover.

Kommisjonen peikar på at det må tøffe prioriteringar til, og at auka tal tilsette i eit tenesteområde vil medføre reduksjon ein annan stad, då tilgangen på arbeidskraft vil vere avgrensa i det langsiktige perspektivet. Organisering av helse- og omsorgstenestene, oppgåvedeling, arbeidsforhold og arbeidstid, utdanning og kompetanseutvikling, prioritering og reduksjon av mindre viktige og til dels ikkje ønska tenester samt digitalisering og teknologisk utvikling er dei sentrale tiltaka som Helsepersonellkommisjonen gjer framlegg om.

Økonomisk langtidsplan legg opp til reduserte kostnader knytt til løn og personalområdet, då vi skal bruke noko meir av dei økonomiske ressursane på investeringar i bygg og utstyr. Dette blir ei stor utfordring fordi vi på same tid må behalde og rekruttere nok og rett kompetanse til drifta.

3.3.3 Bygg

Helse Førde arbeider med å revidere utviklingsplanen for bygningane i føretaket. Denne vil bli lagt fram for styret i løpet av 2023. Planen skal kartlegge tilstanden til bygningsmassen, inkludert byggteknisk tilstand, funksjonelle eigenskapar, fleksibilitet og oppgraderingsbehov.

Helse Førde har følgd førre utviklingsplan med tilhøyrande budsjett sidan 2015, og vil halde fram med å legge bygningsmessig utviklingsplan til grunn for vidare prioriteringar av vedlikehald og investeringar innanfor bygg. Tidlegare rapportar har vist at føretaket har oppretthalde tilstandsgraden i bygningsmassen, men at det er eit stort behov dei neste 15 åra. Ein stor del vert dekkja gjennom Nye Førde sjukehus, men det vil vere ytterlegare behov knytt til eksisterande bygningsmasse i føretaket.

Nye Førde sjukehus er det største pågåande prosjektet i føretaket, vedtatt med ei kostnadsramme på 1,52 milliardar 2015-kroner. I styresak 8/2021 vart ramma auka med 140 millionar, og administrerande direktør fekk fullmakt til inngå kontrakt for gjennomføring av Livabygget i åtte etasjar og Svana 1. I samband med revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027 vart det gjort vedtak om å utsette Svana 2 og 3 på ubestemt tid. Ramma for heile prosjektet er difor i 2023-kroner på 1,875 milliardar.

Helse Førde set krav til at einingar som får nye bygg, skal redusere driftskostnadene. Reduksjonen i kostnader vil variere alt etter kor lite effektive dagens bygningar er, samt om det nye arealet legg til rette for effektivisering. Det vert fortløpande arbeid med å få lokala tilpassa for å få så låge driftskostnader som råd i framtida.

Angabygget, det tidlegare bygget for psykisk helsevern på Vie, er definert som rokeringsareal fram til ferdigstilling av Nye Førde sjukehus. Vedtaket er at Angabygget skal rivast når prosjektet er ferdigstilt, men føretaket ser no behov for arealet i dette bygget vidare. Døme på behov som har oppstått, er den nye medisnutdanninga Vestlandslegen og eit utvida samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om mellom anna felles prosjektet «Campus Vie». I tillegg kjem tilbakemeldingar om auka arealbehov frå klinikkane. Administrerande direktør har av den grunn bedt drift og eigedom kartleggje investeringskostnader med å oppgradere Angabygget og vurdere forvaltning-, drift og vedlikehaldskostnader. Ein sentral føresetnad for å kunne gå vidare med prosjektet er at Helse Førde klarer å finansiere driftskostnadene gjennom utleige av delar av bygget.

Helse Førde har 18 ambulansestasjonar som føretaket anten eig sjølve eller leiger. Føretaket er i gang med å utbetre fleire av ambulansestasjonane, noko som vil kunne medføre noko auka driftskostnader.

3.3.4 Medisinsk-teknisk utstyr og ambulansar

I prosjektet Nye Førde sjukehus er det eit eige budsjett for medisinsk-teknisk utstyr. Ofte er det ikkje føremålstenleg å flytte gammalt utstyr på grunn av store kostnader med demontering og montering. Det er difor betre å ta ut levetida i gamle lokale, og så kjøpe nytt når ein flyttar inn i nytt bygg.

Det er ei akselererande teknologisk utvikling innan medisinsk-teknisk utstyr. Nasjonale, regionale og lokale prosjekt med mål om betre helsetilbod til pasientane, medfører behov for investeringar i utstyr.

Det er eit ønskje og ein strategi om å ha ei jamn utskiftingstakt som tek i vare god utnytting av levetida til det tekniske utstyret, samstundes som ein unngår havari og høge driftskostnader til vedlikehald og reoperasjonar. Årleg ramme for reinvestering og nye investeringar bør aukast frå dagens nivå på 20 millionar kroner for å oppretthalde porteføljen av medisinsk-teknisk utstyr. Helse Førde har klart å løyse store behov dei siste åra ved å investere i ei ny MR-maskin i Førde og fleire store investeringar knytt til laboratoriet. Det er også gjort vedtak om ny MR på Nordfjord sjukehus. Fleire slike store utskiftingar, som til dømes CT-maskiner, vil komme, og føretaket må difor styrke området framover.

Når det gjeld kjøp av ambulansar prøver Helse Førde også her å ha jamn utskifting over tid. Dette gjev god økonomi og enkel, føreseieleg administrasjon for einingane.

3.3.5 Teknologi og anna viktig infrastruktur

IKT er eitt av dei store satsingsområda i helsetenesta både nasjonalt og regionalt. Investeringsnivået stiller krav til helseføretaka som skal delta, både i utvikling og implementering av nye løysningar. Investeringsnivået gjev høgare kostnader for helseføretaka i form av drift og forvaltning. På same tid er det forventa økonomiske og/eller kvalitetsmessige vinstar i forhold til pasientbehandling.

- Portefølje: I løpet av 2023 vil fleire av dei store innføringane vere ferdige. Vi vil gå inn i ein fase med meir forbetningsarbeid enn innføring av nye store løysingar, sjølv om nokre område som laboratoria, operasjonsplanlegging og prehospitalt framleis står att.
- Infrastruktur: IKT-infrastrukturen er ein nødvendig føresetnad for at dei løysingane vi bygger på, skal fungere tilfredsstillande og sikkert. Det er særleg sett på støtte til nye behov som digitalisering av signalanlegg, lagring av bilete, plattform for mobilitet, medisinsk avstandsoppfølging og prioritering av datatrafikk i kjernenett.
- Byggeprosjekt: Ressursbehovet som er lagt til grunn for langtidsbudsjettet, dekkjer regional byggstøtte, lokal byggstøtte, regional meldingsvarslar og regionalt smarte pasientrom.

- Lisens- og vedlikehaldsavtalar nye løysingar: I april 2023 har Helse Førde blitt skybasert gjennom Microsoft 365. Vidare har fleire av dei store innføringsprosjekta gått over i ordinær forvalting. Dette gjeld DIPS Arena, Meona (KULE), og Libra (SAP). Dette har medført vesentleg auke i årlege lisenskostnader. Innføring av skytenester vil gje nye moglegheiter, men også auka kostnader i ein overgangsperiode.

Ansvar for gevinstrealisering er historisk lagt til linjeleiinga, men ein arbeider no med ei meir strukturert tilnærming for å støtte linja og følgje dette tettare opp. Føretaket har dei siste åra etablert eit team av prosjektleiarar/prosjektstøtte som er sentrale i fleire av desse prosjekta, og som tek i vare krav om lokalt arkitekturkontor og lokal porteføljestyling. I samarbeid med linja vert det laga planar for effektiv bruk av nye verktøy.

4 Økonomisk langtidsplan 2024-2028

Økonomisk langtidsplan byggjer vidare på rammene frå budsjett for 2023, samt revidert økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027.

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	Langtidsbudsjett					
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Pasientrelatert inntekt	845 243	845 243	845 243	845 243	845 243	845 243
Basistilskudd	2 521 185	2 548 185	2 548 185	2 548 185	2 548 185	2 548 185
Andre driftsinntekter	72 670	72 670	72 670	72 670	72 670	72 670
Sum driftsinntekter	3 439 098	3 466 098	3 466 098	3 466 098	3 466 098	3 466 098
Varekostnad og helsetjenester	502 449	508 095	506 748	505 408	504 074	502 747
Lønn og personalkostnader	2 296 444	2 287 608	2 261 199	2 252 978	2 242 388	2 234 732
Øvrige kostnader	500 215	519 611	533 348	542 766	553 836	557 636
Av- og nedskrivning	101 000	123 222	161 010	159 948	159 801	158 241
Sum driftskostnader	3 400 108	3 438 536	3 462 305	3 461 100	3 460 099	3 453 356
Driftsresultat	38 990	27 562	3 793	4 998	5 999	12 742
Finansinntekter	2 325	2 325	2 325	2 325	2 325	2 325
Finanskostnader	21 315	31 887	46 118	42 324	38 324	35 067
Finansresultat	-18 990	-29 562	-43 793	-39 999	-35 999	-32 742
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	20 000	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000

EBITDA	139 990	150 784	164 803	164 946	165 800	170 983
Endring EBITDA		10 794	14 019	143	854	5 183

4.1 Styringsfart

Økonomisk langtidsplan tek utgangspunkt i at føretaket held seg til dei budsjetterte rammene for 2023 og har dette som grunnlag for vidare utvikling og endringar. Styringsfarten til Helse Førde er for høg og vi har ikkje nådd eit resultat i tråd med budsjetterte målsetjingar i 2022 eller hittil i år. Dette er ein risiko for Helse Førde og økonomisk langtidsplan slik den ligg føre.

Sidan revidert økonomisk langtidsplan vart lagt fram hausten 2022 har statsbudsjettet for 2023 blitt vedtatt. Dette budsjettet gav krevjande rammer, men våren 2023 vart det varsla frå regjeringa at spesialisthelsetenesta, som følgje av høg inflasjon, vil få ei ny prisjustering av rammene for 2023 i revidert nasjonalbudsjett. I tillegg er det varsla ei varig styrking av rammene, som følgje av høgare prisstigning enn budsjettert også i 2022. Desse endringane er svært gledelege for Helse Førde.

Auken som er varsla er ikkje innarbeidd i økonomisk langtidsplan, då dette ikkje kan verte sett på som friske midlar. Midlane skal gå til å sørge for at styringsfarten vert redusert, og at føretaket kan oppnå ei drift som er i tråd med budsjetta som ligg til grunn, og at avvik mot budsjett vert redusert.

Som følgje av varsla auka rammer har ein i samråd med Helse Vest auka resultatkravet for 2023 frå 0 kroner til eit positivt resultat på 20 millionar kroner. Dette for å sikre nødvendig investeringsevne.

4.2 Utvikling inntekter

Det er lagt inn ein auke i basisløyving frå og med 2024 i samband med revidering av prehospital modell som blir innført over to år. Auken i år 2024 er på 20 millionar kroner. Veksten går i sin heilskap til å dekke driftsutgifter og halde innsparingskravet nede, og det er difor ikkje lagt opp til at desse midlane kan nyttast til realendringar eller auka investeringar. Det er også lagt inn auke i basisløyvinga for å dekke kostnadene føretaket har knytt til båtambulanseavtale.

Det er venta uendra pasientrelatert inntekt dei komande åra. Dette kjem som følgje av ein kombinasjon av forventet negativ demografisk vekst innan Helse Førde sitt sørge-for-område, samstundes som det er venta svak aktivitetsvekst. I sum er det lagt til grunn føringar frå Helse Vest om at Helse Førde vil oppnå 0,0 prosent vekst i planperioden.

Flat utvikling i inntektsbiletet er ei utfordring for Helse Førde, då nye lovkrav og utvikling av nye tilbod dermed stiller krav til omprioritering og potensielt nedskalering av eksisterande tilbod. Dette medfører stadig tøffare prioriteringar. Kontinuerleg forbetring og effektiviseringsarbeid vil vere nødvendig for å halde seg innanfor gitte rammer.

4.3 Utvikling kostnader

Det er stilt krav til innsparingar frå klinikkane for at føretaket skal ha nødvendig evne til å klare forpliktingane framover. Ein sentral føresetnad i arbeidet med å finne innsparingar, er at sjukehusstrukturen ligg fast. Budsjetterte innsparingar for Helse Førde er i hovudsak lagt på løns- og personalområdet.

Nye Førde sjukehus vil stå ferdig og klar til bruk i 2024. Det pågår for tida fleire organisasjonsutviklingsprosjekt som arbeider med tenesteutvikling og å finne nye driftsmodellar i Livabygget. Det er frå somatikken lagt til grunn at dette arbeidet vil vere ein heilt vesentleg katalysator for at dei skal oppnå innsparingskrav knytt til løns- og personalområdet dei komande åra. Det er lagt inn nokre innsparingar knytt til varekostnader, der vidare effektivisering knytt til bestilling av varer og tenester gjennom LIBRA er eit element, samt nye og betre innkjøpsavtalar.

Psykisk helsevern, stabsområdet og drift og eigedom har også i stor grad peika på løns- og personalkostnader for å handtere innsparingskrava dei er blitt pålagde.

Innsparingskrav HFD	2024	2025	2026	2027	2028
Sum	10 390	27 957	9 761	12 125	9 183

4.4 Risikomoment som ikkje er inkluderte i økonomisk langtidsplan

Helse Førde har eit sterkt fokus på å gjennomføre prosjektet Nye Førde sjukehus på ein god måte innanfor rammene som prosjektet har. Fullføring av Livabygget er den store milepålen. Dette er eit stort løft og ei stor investering for Helse Førde som set store krav til investeringsrammene og dei nødvendige driftsresultata som må genererast for å kunne handtere gjeld og investeringar framover. Prosjektet dreg maksimalt ut av tilgjengeleg investeringsramme som Helse Førde har. Det er ein risiko for at andre område vil presse seg fram, anten i form av behov for investeringar

eller som auka driftskostnader. Dette vil då medføre lågare investeringsevne. Kjende område som kan utgjere ein potensiell økonomisk risiko er skildra under:

Rentebane:

Rentebana som ligg til grunn for økonomisk langtidsplan er i tråd med føringar som har kome frå Helse Vest. Vedvarande høg inflasjon har medført at styringsrenta i Noreg har blitt auka fleire gonger både i 2022 og 2023. I Norges Bank sin prognose ligg det inne ytterlegare rentehevingar. Renteprognosen frå Helse Vest er utarbeidd for ei stund sidan, og ville nok ikkje vore annleis dersom ein hadde utarbeidd ein ny prognose. Eventuell auke i rentenivået framover vil medføre vesentleg auka rentekostnader då renteberande gjeld i føretaket vil vere over 1 milliard kroner i 2024.

Ambulansestasjonar:

Det er eit pågåande prosjekt i Helse Førde knytt til kartlegging av behov for å utbetre fleire ambulansestasjonar. Dette kjem som følgje av krav i arbeidsmiljølova. Dette vil potensielt medføre auka kostnader som vi på noverande tidspunkt ikkje kan seie noko meir spesifikt kring.

Utbetring av Lærdalstunellen:

Statens Vegvesen har fått grønt lys frå Samferdselsdepartementet for planane om å oppgradere Lærdalstunellen. Vegvesenet planlegg å starte anlegget i 2025, og skal etter planen vere ferdig i løpet av fire til fem år. Konsekvensar stenging av tunellen får for Helse Førde m.o.t. pasientbehandling, beredskap og øvrig drift er ikkje klare, og difor heller ikkje innarbeidd i planen.

Auka behov for tryggleiksplassar innan PHV:

Basert på befolkningsgrunnlaget til Helse Førde og utvikling innan behovet for tryggleikstenester, kan det framtidig bli eit auka behov for tryggleiksplassar sett opp mot den kapasiteten Helse Førde har i dag.

Utvikling H-resept og medikamentkostnader:

Nye medikament og behandlingsmetodar er ein potensiell stor kostnadsdrivar. Det er i økonomisk langtidsplan ikkje tatt høgde for auke innan området utover generell prisstigning.

Medisinsk heimebehandling:

Dette er eit område som historisk har auka mykje. Ein av drivarane for dette er teknologisk utvikling.

Medisinsk-teknisk utstyr:

Det er sett av årlege investeringsrammer for medisinsk-teknisk utstyr for å dekke både reinvesteringar og ny investeringar i form av auka kapasitet eller ny teknologi. Ein risiko knytt til området er om desse rammene er tilstrekkelege, vidare kva driftsøkonomiske konsekvensar nye investeringar har med tanke på serviceavtalar og løpande driftskostnader. I tillegg kan eit nytt sertifiseringsreglement for medisinsk-teknisk utstyr potensielt medføre auka driftskostnader.

Drift av Angabygget:

Angabygget er i dag i full drift som kontorlokale for tilsette i Helse Førde, samt noko utleige. Gjeldande vedtak er at Angabygget skal rivast, og kostnader knytt til drift og vedlikehald av dette bygget i eit lenger perspektiv er ikkje tatt stilling til økonomisk langtidsplan.

Kostnader knytt til energi:

Helse Førde har i år gunstig sikringsavtale på straum og hadde i 2022 ikkje like store utfordringar med energiprisane som andre føretak i Noreg. Det langsiktige prisnivået for energi er vanskeleg å spå, men det er venta at det vil verte dyrare. Helse Førde er ein stor konsument av straum og auka prisnivå på straum vil påverke driftskostnadene negativt. Det er i økonomisk langtidsplan lagt til grunn at dette må prioriterast innanfor gjeldande rammer. Det er i planen ikkje lagt inn auka kostnader, men på sikt betyr dette at ein må omprioritere.

Rekruttering:

Tilgang på kompetanse og arbeidskraft er krevjande mange stadar innanfor spesialisthelsetenesta. Helsepersonellkommissjonen er gjennom sin rapport publisert februar 2023 tydeleg på at dette vil verte krevjande den komande tida. Dette er noko Helse Førde alt har erfart. Føretaket har i dag eit høgt lønnsnivå. Innleige er svært dyrt og er heller ikkje ei økonomisk berekraftig løysing for føretaket på sikt. Vidare vil redusert tilbod på arbeidskraft, og knappheit på fagkompetanse i kombinasjon med auka etterspurnad mange stader i helsetenesta, kunne medføre store negative utslag i driftskostnadene.

Samla vurdering av risiko:

Stor uvisse knytt til konsekvensar, tidspunkt og beløpsstørrelse for risikoområda gjer at føretaket ikkje har talfesta dette på noverande tidspunkt. Dette er område som vil krevje tett oppfølging i tida framover og i årlege budsjettprosessar.

5 Investering og finansiering

5.1 Investeringsplan 2024-2028

For dei kommande fem åra er investeringsbehovet særleg knytt til fire område:

- Nye Førde sjukehus
- Bygg infrastruktur
- Medisinsk-teknisk utstyr
- Ambulansar

Investeringsplan for Helse Førde 2024 - 2028

Område	Investeringsområder (tal i millioner kroner)							Sum 5 år 2024-28
		2023	2024	2025	2026	2027	2028	
Nybygg/	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	5,3	12,6	10,6	13,0	13,0	18,0	67,2
	Nye Førde sjukehus, utan byggelån	574,5	230,3	16,0				246,3
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	430,0	159,9					159,9
	Nye Førde sjukehus - MTU	32,0	16,9					16,9
	Nye Førde sjukehus - Andre endringar	45,0	31,0	16,0				47,0
	Nye Førde sjukehus - prisstigning utover deflator	67,5	22,5					22,5
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån	20,3	13,5					13,5
	Sum nybygg/ombyggingar	600,1	256,4	26,6	13,0	13,0	18,0	327,0
Medisin teknisk	MTU	12,0	20,0	9,5	20,0	20,0	35,0	104,5
	MR Nordfjord	0,5		10,5				10,5
utstyr	Sum medisin teknisk utstyr	12,5	20,0	20,0	20,0	20,0	35,0	115,0
IKT-investeringar	IKT utstyr	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	18,0
	Sum IKT-investeringar	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	18,0
Andre investeringar	Ambulansar	5,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum andre investeringar	5,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
Sum investeringar		621,2	290,0	60,2	46,6	46,6	66,6	510,0

Nye Førde sjukehus (NFS)

Helse Førde vedtok bygningsmessig utviklingsplan i 2015. Saman med Helse Førde sin utviklingsplan har dette vore, og er framleis, styrande for prioriteringane ved utarbeiding av langtidsbudsjettet. Investeringsplanen er godkjend i Helse Vest, og lånesøknad fekk startløyving i statsbudsjettet for 2017.

Prosjektet omfattar både bygg og medisinsk-teknisk utstyr. Dagabygget og det meste av infrastrukturen, som flaumvern, er ferdig. Midlane framover går i hovudsak til den nye høgblokka Livabygget. Denne skal mellom anna huse sterilsentral, sengepostar med einerom og spesialrom for poliklinikk, sengesentral, operasjon og sengepostar. Det vert òg gjort utbetringar i Svanabygget for å få god tilknytning til Livabygget.

Kostnadsramme for Nye Førde sjukehus utan Svana 2 og 3 er 1,875 milliardar i 2023-kroner. Rentekostnader i samband med byggjelån er ikkje inkludert i kostnadsramma eller låneramme for prosjektet.

Bygg infrastruktur og funksjonsendring

Posten er prioritert med 67,2 millionar og skal dekke brannsikring og investeringsbehov som ikkje har egne postar i investeringsplanen. I tillegg er noko av dette knytt til arealplan for Lærdal sjukehus.

Medisinsk-teknisk utstyr (MTU)

MTU er tilgodesett med 115 millionar i planperioden. Det er lagt inn løyving til ny MR ved Nordfjord sjukehus i 2025 på 10,5 millionar. I 2024 er det planlagt at 16,9 millionar av løyvinga til Nye Førde sjukehus vert brukt til MTU utstyr, mellom anna til utviding og oppgradering av eksisterande pasientovervakingsanlegg. Totalramma til MTU vert dermed 131,9 millionar.

IKT

Det er sett av 18 millionar til IKT-investeringar i planperioden. Dette vil i stor grad gå til IKT-utstyr knytt til dei store innføringsprosjekta og utbygging av nødvendig IKT-infrastruktur.

Ambulanse

Ambulansetenesta har rundt 34 bilar i operativ teneste og det er planlagt jamleg utskifting for å redusere driftskostnader, alder og kilometerstand på bilparken. I perioden er det sett av 50 millionar.

5.2 Kontantstraum til å dekke investeringar

Finansieringsgrunnlaget for investeringar og samla budsjetterte investeringar går fram av tabellen under.

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	20 000	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000
+ Avskrivning/nedskrivning	101 000	123 222	161 010	159 948	159 801	158 241
= Kontantstrøm fra driften	121 000	121 222	121 010	124 947	129 801	138 241
- Resultatavik 2022	-26 580					
+ Nedskrivning 2022	0					
+ Opptak av nye lån	213 000	215 290	0	0	0	0
- Avdrag lån	-240 260	-15 901	-24 219	-20 822	-20 217	-21 178
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-23 446	-16 009	-9 575	-3 807	-4 000	-3 000
Kapitaltilskot	234 000					
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0	0
+/-Overføring likviditet investeringer fra 2022	0					
+/- annet	0	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	277 714	304 603	87 216	100 318	105 585	114 063

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Bygg - tilgjengelig ramme	579 800	242 900	26 600	13 000	13 000	18 000
Medisinteknisk utstyr	12 500	20 000	20 000	20 000	20 000	35 000
Anna	8 600	13 600	13 600	13 600	13 600	13 600
Sum investeringar	600 900	276 500	60 200	46 600	46 600	66 600

Beløp i heile tusen kroner	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Likviditet - bankbeholdning	47 456	-249 150	-221 047	-194 031	-140 313	-81 328	-33 865
Herav likviditet relatert til IKT investering	215 374	238 820	254 829	264 404	268 211	272 211	275 211
Driftskredittramme	473 500	473 500	473 500	473 500	473 500	473 500	473 500
<i>Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag</i>	<i>(323 186)</i>	<i>28 103</i>	<i>27 016</i>	<i>53 718</i>	<i>58 985</i>	<i>47 463</i>	
<i>Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag</i>	<i>(323 186)</i>	<i>(295 083)</i>	<i>(268 067)</i>	<i>(214 349)</i>	<i>(155 364)</i>	<i>(107 901)</i>	

Kontantstraumen frå drifta går også fram av tabellen ovanfor. Avskrivningane til Helse Førde aukar kraftig som følgje av aktivering av Livabygget. Samstundes vert resultatkravet nedjustert for å unngå for høge og urealistiske innsparingskrav. Samla kontantstraum vil som følgje av dette vere stabil i starten av perioden, før det vert ei betring utover i planperioden. Kapitaltilskotet frå Helse Vest er utbetalt i 2023 og har i sin heilskap gått til nedbetaling av gjeld, og påverkar såleis ikkje finansieringsgrunnlaget framover.

Budsjettert kontantstraum og finansieringsgrunnlag for investeringar viser at Helse Førde har negativ finansieringsevne i 2023. Dette var også synleggjort i revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027. Avviket mellom finansieringsgrunnlag og samla investering påverkar likviditeten til Helse Førde svært negativt, og vil prege drifta av føretaket dei komande åra. Det er dialog med eigar Helse Vest for korleis dette best skal løysast, der alternativa er bruk av kassekreditt eller etablering av eit internt lån frå Helse Vest til Helse Førde. I økonomisk langtidsplan er det no lagt

til grunn at tilgjengeleg kassekredittramme på 475 millionar kroner vert nytta til å handtere den negative likviditeten. Samla rentekostnader knytt til dette er estimert til 30,6 millionar kroner for perioden 2024-2028 gitt dagens rentebane.

Økonomisk langtidsplan legg til grunn at Helse Førde ikkje skal auke sine investeringar før likviditeten er i balanse, noko som i følgje budsjettet vil skje i år 2028. Finansieringsgrunnlag for investeringar overstig budsjetterte investeringar alt frå år 2024, men det er vektlagt å gjenoppnå positiv likviditet før vi aukar investeringane igjen.

5.3 Gjeldsgrad og finanskostnader

Økonomisk langtidsplan syner at langsiktig gjeld i Helse Førde i år 2024 vil auke til over 1,3 milliardar kroner. Dette er eit historisk høgt gjeldsnivå og tilsvarar ein gjeldsgrad på 1,7. Eigenkapitalandelen er i år 2024 rekna til å vere 37 prosent av totalkapital.

Eigenkapitaldelen vil verte redusert noko dei påfølgjande åra som følgje av negativt resultatkrav, men vil ikkje verte lågare enn 35,5 prosent av totalkapitalen gitt at Helse Førde oppnår budsjettert resultatkrav i perioden.

Finanskostnadene er sterkt aukande, og som skildra ovanfor vil også Helse Førde dei komande åra ha vesentlege rentekostnader knytt til kortsiktig finansiering gjennom kassekredit. Helse Førde hadde i 2022 finanskostnader på 7,3 millionar kroner. Dette er berekna til å auke årlege finanskostnader for langsiktig gjeld til 35 millionar kroner, basert på den renteprognosen og simulering av utvikling i gjeld som no ligg til grunn. Årlege kostnader knytt til kassekrediten vil kome i tillegg. Bakgrunnen for auken er gjelda som er akkumulert knytt til utbygging av Nye Førde sjukehus.

Auken i finanskostnader er betydeleg, og vil krevje ei omprioritering i driftsbudsjettet. Når det gjeld renterisiko vert dette handtert på konsernivå.

6 Vedlegg

- Helse Vest: Økonomisk langtidsplan 2024-2028 føresetnader og føringar
- Drøftingsprotokoll med føretakstillitsvalde